

Skorpevatnet - eit vatn med to utløp.

24.08.2017



Skorpevatnet har to utløp, eit mot nord og eit mot sør. Bilete syner utløpet mot sør, på innsida mot Storsund.

Innlegget frå Skorpo skal i dag handla om Skorpevatnet, knappe 230 meter over havet. Ut frå ein munnleg tradisjon vert det fortalt at ein ikkje finn botn og at det flør og fjæra i vatnet. Johannes Hauge, 8 år gamal den gongen, var med lærarane Olav Ljosnes og lodda djupna. På isen bora dei mange hol og dermed fann dei ut av dette mysteriet.

Djupna var for det meste på 2,5 - 3 meter. Ein plass fann dei ei djupne på 4 meter. Segna om flo og fjære er gamal. Olav Ljosnes tok alle elevane med til fjells på vinteren. Han ville saman med elevane lodda og finna den faktiske djupna.



Skorpevatnet har ei djupne på maks 4 meter. På turre somrar kan vatnet bli senka om lag to meter.

Ikkje alle veit at Skorpevatnet har to utløp, eit mot nord og eit mot sør. Det mest synlege utløpet går mot sør og med mykje nedbør, kan ein sjå bekken Overløpsvatnet går i stein og ur, men kjem til slutt ut i Uradalen. Utløpet not nord kjem ut ved Gitlabruo, ein stor stein i strandkanten. Med lite nedbør og turre somrar kan Skorpevatnet bli senka med om lag 2 meter. Johannes Hauge kan ikkje minnst at vatnet nokon gong har vore turrlagd.

To gonger har det vore prøvd med å setja ut fisk i vatnet. Det har mislukkast kvar gong. Bestefar til Johannes fortalde at fuglen Lomen tok fisken. Lomen hadde nemleg reir på tuene i vatnet. Lomen heldt vatnet reint for fisk. Mykje stilleståande og surt vatn kan også vera ein av grunnane til at fisken ikkje har overlevd. Dermiot er det alltid mykje insekter i område, særleg augestikkar som er eit rovinsekt. Dette er mest merkbart på fine og varme sommardagar.

Det har til tider vore henta vatnet til nyttefunksjon.. Ein slange går mot sør for å sikra vatn til dyra i turre periodar. Ein større slange mot nord vart montert i samband med oppstarten av oppdrettsanlegget i fjorden.

Uskedalen.no takkar Johannes Hauge, som er kjelde til dette innlegget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal